



Mikal Lund
Søre Titlestad 117
5243 FANA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/312 - 14/6494

Saksbehandlar:
Nina Bakanova
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:
20.03.2014

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet/Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 245/12 Stranda

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 05.03.2014, der følgjande vedtak vart fatta:

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:

1). Plan og miljø gjev dispensasjon for oppføring av tilbygg i Nordvest til hytte jmf. Pbl §19-2.

Grunngjeving:

- Ved å auka størrelsen på hytta blir den mogleg å bruke heile året.
- Det er terrasse/uthus på aktuell plass i dag. Utbygging fører difor ikkje til meir privatisering av strandsona.
- Utbygging gjev svært små inngrep i terrenget.

Fordelane er samla sett vesentleg større enn ulempene.

2). Plan og miljø gjev dispensasjon for gangpassasje (inkluderer eksisterande kai) i sjø jmf. Pbl § 19-2.

På vilkår av at gangpassasje vert sett på påler.

Det må leverast reviderte teikningar før byggeløyve blir gjeve.

Grunngjeving:

- Tomten har vanskeleg tilkomst til sjøen, gangpassasjen vil gje ein god tilgang til sjø.
- Uten gangpassasje får ein ikkje nytta båtfeste da murkant på kommunal kai er til hinder.

Fordelane er samla sett vesentleg større enn ulempene.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



3.) Plan og miljø gjev avslag på dispensasjon for oppføring av flytebryggje jmf. §19.2.

Klagerett:

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for legalisering av utført tiltak på gbnr 245/12

Søknad om dispensasjon som gjeld tiltak på gbnr 245/12

Situasjonskart

Teikningar, kart og bilete

Med helsing

Nina Bakanova
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Foto

Søknad om disp

Søknad om dispensasjon

Teikningar, kart og bilete

fasader med foldedør

Mottakarar:

Mikal Lund

Søre Titlestad 117 5243

FANA